




Innunder Falkfangerhøa.

Foto: Erik Stabell



Vinterrast ved kvernsteinsbruddet på Høgfjellet.

Foto: Erik Stabell

Villmarkas eige liv

Av Nils Røv


Eg følgjer otersporet langs elva innover Fagerlidalen og vidare opp Falla mot Sprikkeltjønn. Is og snø skjuler det meste av elveløpet, men nokre stader er det opne rårer innimellom metertjukk snø. Oteren har granska systematisk alle råkene. Og der iskanten ikkje har vore for bratt har han tydeleg vore nede i vatnet. Men der det ikkje har vore mogleg å koma oppatt, har han gått forbi. Til og med for eit vass-dyr som oteren ville ei slik råk i isen ha vore ei dødsfelle. Ein dunge ekskrement viser at fisket har vore godt. Den milde dufta av oter er typisk, men her manglar den ekle tranlukta som ein finn hos kyst-oteren.

Det gleder meg at oteren på nytt har funne vegen innover vassdraga i Trollheimen, etter å ha vore borte i generasjonar. Tidlegare har det berre vore spor etter villmink på elvaisen i desse traktene, men dei siste åra ser det ut til at bestanden har gått attende. Og små-auren finst no i store mengder i elvene og bekkane. Så her er matfatet dekket for innlandsoteren.

Dagen etter kom eg over sporet etter ein jerv som har kryssa Breidskaret og gått opp mot dei bratte hamrane øvst i Skrøådalsfjellet. Eg rekte sporet attover til eg mista det i steinurene ved Grønbotn høgt i Tindfjellet. Jerven er ein sjeldan gjest i desse vestlege fjellstroka, men har vorte meir vanleg i Trollheimen dei seinare åra.


I mai i fjor opplevde eg å sjå eit par fullvaksne havørnar innst i Folldalen. Mektige fuglar mot ein blå vårhimmel med Snota i bakgrunnen. Her i dette vidstrakte myrlandskapet med fjellfurskog, elvar og vatn er det liv laga for havørna. Sjølv om namnet tyder på noko anna, er fjelldalane ein opprinneleg biotop for denne arten. Etter fredninga har havørna funne attende til mange av dei gamle leveområda sine, slik som oter og jerv. Etter å ha vandra i fjellet sidan eg var gutunge, er det særst gledeleg å registrere slike endringar i faunaaen. Det viser at naturvern i vid forstand gjev positive resultat. Altfor ofte høyrer vi om det negative.

Fjellet kan opplevast på mange måtar. Fjelltoppane er som rammer kring eit bilete. Mange likar å klatre til topps. Det gjer eg òg ein gong i mellom. Men best trivst eg i dalbotnane, langs elvar, vassdrag og myrlendt landskap, og i fjellskogen med furumoar og frodige bjørkelier. For meg er fjellet først og fremst villmark der planter, dyr og fuglar lever sitt eige liv slik dei har gjort det i fleire tusen år, og der menneskja for det meste enno ikkje har sett djupe spor



Fjellbjørkene speglar seg i den stilleflytande Folla ved Litlsetra.

Foto: Harald Folden



På Storsetra (Løsetetra) innerst i Folldalen tok setringa slutt i 1954.

Foto: Harald Folden

etter seg. Og ikkje minst er fjellnaturen staden for dei frie tankane. Vi veit at her finnst jerv og mår, og at kongeørna har reirplassane sine her. Er vi heldige på påsketuren får vi sjå spor i snøen etter eit stort dyr, eller ei ørn som løfter seg over fjellskogen. Men sjølv om vi studerer økologi eit lang liv, vil det mest i naturen være løynd kunnskap. Ikkje ein gong den vise Kong Salomo var klok på naturen. Han undra seg særlig over tre ting: "Ørns veg på himmelen, orms veg på berg og manns veg til møy."

Og som ørna, flyg tankane innover Trollheimsfjella, slik engelskmannen Abel Chapman fortel da han for hundre år sidan fiska laks i Surna: "... og da kveldsluften blev kjølig, rodde en kongeørn med langsomme vingeslag over dalen på hjemvei til sitt nattekvarter blant Vindøla-dalens klipper".

Kvar og ein opplever fjellet på sin måte. Det viktigaste er å koma seg ut og få puste i frisk fjell-luft. Det gjev nye krefter til å møte dei utfordringane som kvardagen gjev. Å gå mellom turisthyttene i påskedagane eller midtsommars er for mange den finaste form for ferie. Men skal ein koma naturen nærare inn på livet, må ein gjerne finne meir utradisjonelle vegar og årstider.

Som feltbiolog har eg ofte vore på fjellet både sommar og vinter. Arbeidet har mang ein gong vore strevsamt, men alltid har eg hatt glede av å studere og oppleve naturen. I fritida likar eg best å gå åleine. Naturen gjev sterkast inntrykk på meg da; eg både ser og høyrer betre. Eg kan halde mitt eige tempo, stoppe når eg vil og gå dit eg har lyst. I turistsesongen går eg oftast utanom trafikkerte turløyper.

Våren og forsommaren er ei fin tid, sjølv om snøsmelting og store bekker gjev problem. Da likar eg best å overnatte under open himmel. Det er tørt på bakken og inga myggplage og ein kan sove godt under ei fjellfuru til dei mollstemde tonane åt raudstjerten. Gjennom nattesøvnen høyrer ein lirypesteggen skarrar i vårnatta. Ein treng berre nokre timars søvn og er utkvild når sola går opp og naturen vaknar til liv. Orrhanen spelar i lia og bjørkefink og lauvsongar held kor i fjellbjørkeskogen.



Fjellet er villmark der planter, dyr og fuglar lever sitt eige liv.

Foto: Svein Loeng

Nære og fjerne landskap

Av Per Christiansen

Natur og friluftsliv var Torhild Aukans hovedinteresse i mange år. Så ble hun billedkunstner. Men fjellet tok hun med seg over i sitt «nye liv». De fleste av bildene hennes har linjer som vi kjenner igjen fra høytliggende strøk. Men den 32-årige Trondheims-jenta leter ikke etter gjenfødne spor fra de tradisjonelle landskapsmalerne, samtidig som hun heller ikke begir seg inn i den abstrakte tåkeheimen.

Den tradisjonelle naturgjengivelsen har blant kunstnerne i mange år delvis vært avløst av både «indre landskap» og «kroppens landskap». Resultatet av vandringen i de indre irrgangene har gjerne vært en mer eller mindre forvirrende kartlegging, uten samsvar med noe kjent terreng for den som helst vandrer i utendørs landskap. Langt avsted har heller ikke kropps-kunstnerne vandret. Malere og fotografer har bare sett ned mot egen eller andres navler for å finne paralleller mellom terrengformasjoner og kroppens kurver og linjer. Så har de presentert det siste til forveksling likt det første.

Kroppen er også Torhild Aukans utgangspunkt i sin tilnærming til landskapet. Hennes kunst utgår fra legemets mikrokosmos til høyfjellsnaturens makronivå. Med kamera leter hun seg frem til landskapsformer, topper, daler og elvefar fra topp til tå i egen og andres kropp. «Helst mannen min, da», presiserer hun. Og på samme måte som hun som erfaren fjellvandrers helst trækker egne spor, søker hun også i den nære vandringen et terreng som få andre bruker.

For betrakteren blir Torhild Aukans kroppskunst på denne måten en spennende leting etter noe kjent, et turmål du vet om, men ikke har gått etter samme rute. Men med sin bakgrunn som «fjellfører», gir hun ofte veiledning om veien til topps, med små innmalte figurer i rad og rekke opp en lumsk oppsprukken bre eller innover en ubrutt hvit snøflate. Her går Torhild Aukan langt utenom oppgatte løyper, lar både store og bittesmå fotografier av kroppsdetaljer ligge som underlag for en sprudlende opplagt og humørfylt bearbeidelse. Stjerner prikkes inn i en svart nattehimmel, og små rødruede vandrere settes inn i den fornemmede naturopplevelsen. I andre bilder derimot, lar hun hudens hvithet ligge uberørt over de storslåtte formasjonene. Her har ingen våget å gå inn, ennå.

For Torhild Aukan trakk altså fjellet mer enn kunsten i yngre år. Friluftsliv var hovedinteressen, først på fritid, senere så å si på heltid. Fjell- og turliv ble et naturlig fordypningsfelt på idrettshøyskolen i Oslo. Sørfor kom hun inn i kla-